



Masfjorden kommune
Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Kommuneleinga

Sakshandsamar

Reidun K. Halland

Tlf. 57 78 20 01

Vår referanse

23/1467 – 23/15372

Dykkar referanse

Dato

31.10.2023

Melding om vedtak. Berinvest AS. Vurdering av vidare drift og behov for økonomisk støtte

Vedlagt følgjer saksdokument som syner fullstendig behandling av saka.

Med helsing

Reidun K. Halland
Kommunedirektør

Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur

Mottakere:

Berinvest As
Masfjorden kommune

Sløvågen 44
Austfjordvegen 2724

5960
5981

Dalsøyra
MASFJORDNES





Berivest AS. Vurdering av vidare drift og behov for økonomisk støtte

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
055/23	Formannskapet	05.10.2023
073/23	Kommunestyret	19.10.2023

Behandling i Kommunestyret 19.10.2023

Handsaming og røysting

Røysting

Framlegg frå formannskapet: Samrøystes vedteke

Vedtak i Kommunestyret KOM sak 073/23

1. Kommunestyret tek informasjonen til vitande. Behov for evt tilleggsløyvingar til vertskommunesamarbeidet GMBR vert å ta stilling til i budsjettsamanheng.
2. Prosjekt vasstilførsel Berivest AS ca kr 175 000 eks mva vert finansiert ved bruk av ubunde fond.

Vedlegg	Dok.ID
Søknad om ekstra løyving til øvings- og kompetansesenter. Berivest AS	273407

Bakgrunn for saka:

Kommunane har hatt utfordringar med å ferdigstille øvingsanlegget og komme i gang med kursing av tilsette innan brann og redningstenesta.

Kommunestyret hadde sist 1.9.22 oppe sak om behov for tilleggsløyving til selskapet for å sikre nok likviditet til å dekke løpande utgifter som leige og

straum.

Saksvurdering og konklusjon:

I sak frå september 2022 føresette ein at styret, eigarkommunane og ny brannsjef skulle ta ein fullstendig gjennomgang av selskapet sin situasjon og komme tilbake til kommunestyret med vurderingar kring selskapet si framtid. Kommunestyra i eigarkommunane fekk ei munnleg orientering om GMBR og Berinvest AS i felles kommunestyremøte i februar 23. Det var ikkje klare signal om vegen vidare for selskapet.

Det vart i samband med generalforsamling i Berinvest AS halde eit møte og synfaring på anlegget med leiinga i Vest brann og redning.

I tillegg hadde kommunane same dag eit eigarmøte der temaet var vurdering rundt selskapet og anlegget si vidare drift.

På eigarmøtet deltok:

Berinvest AS: styreleiar Odd Harald Eide, styremedlem Torill Torsvik Størkersen

Gulen kommune: ordfører Hallvard Oppedal, kommunedirektør Reidun K.

Halland

Masfjorden kommune: ordfører Karstein Totland, rådmann Svein Helge Hofslundsengen.

GMBR: brannsjef Lars Jørgen Svendsen, varabrannsjef Jan Ivar Kjelby

Alternativ framover som vart vurdert;

- Noverande form og drift av selskapet fører til konkurs innan kort tid, faste utgifter og tilnærma ingen inntekter
- Utvida aksjekapital og få næringslivet inn i selskapet, jf. m.a. inngåtte intensjonsavtalar som «forpliktar» næringslivet
- Kommunane tilbakefører AS til kommunal drift
- Søkjer ekstern samarbeid og inngår avtale med for eksempel Vest brann og redning om anlegget og driftskostnader som ligg til anlegget

Etter drøfting i eigarmøtet gjorde kommunane slike vurderingar:

- Kommunane tek ansvar for vidare drift og legg opp til dekking av løpande driftsutgifter. Utgiftsførast gjennom vertskommunesamarbeidet GMBR. Uteståande p.t er om lag kr 160 000. Månadlege kostnader er straum og arealleige. Masfjorden formannskap var positivt innstilt på å dekke uteståande (sak 78/2023 frå 11.9), basert på info/dokumentasjon framlagt frå styreleiar i møte mellom Berinvest og kommunane den

7.sept.

Dette vert ei tilleggsutgift knytt til brann og redning som eigarkommunane er innstilt på å dette, og dette vil ikkje gå på bekostning av øvrige behov i GMBR.

- Kommunane arbeider no utover hausten med å få ei avklaring på om Berivest AS sitt anlegget kan verte ein del av Vest brann og redning sitt øvingskonsept. Målet er framleis at vårt eige brannmannskap skal ha høve til å drive opplæring og retrening på anlegg nær heimane.
- Kommunane ynskjer å verte ein del av Vest brann og redning [Om Vest brann- og redningsregion - Nettside for brannsam arbeidet i Hordaland \(vestbrannregion.no\)](#) Samanslutninga Vest brann og redning har vore ein suksess for kommunane som er tilslutta samarbeidet
- Vidare organisasjonsform på Berivest AS vert avklart på eit seinare tidspunkt.
Dersom anlegget vert ein del av øvingskonseptet til Vest brann og redning er det truleg ikkje behov for å vidareføre anlegget som eit eige AS. Anlegget kan evt tilbakeførast til GMBR og verte eit eigarobjekt på lik line med kommunane sine brannstasjonar. Då vert anlegget utleigd til opplæring.
- Grunnopplæring av eige mannskap vert starta opp så snart instruktører er engasjert. Skissert oppstart januar, ekstern instruktør.
- Røykdykkerkurs for 8-10 personer vert gjennomført i november. Her har me eigne instruktører
- Kommunane sikrer vatn og lyssetting i eige prosjekt, dekkja direkte av kommunane. Gulen står for vasstilførsel kostnadsrekna til ca kr. 175 000.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek informasjonen til vitande. Behov for evt tilleggsløyvingar til vertskommunesamarbeidet GMBR vert å ta stilling til i budsjettsamanheng.
2. Prosjekt vasstilførsel Berivest AS ca kr 175 000 eks mva vert finansiert ved bruk av ubunde fond.

Tidlegare behandlingar:

Behandling i Formannskapet 05.10.2023

Handsaming og røysting:

Røysting

Framlegg frå kommunedirektøren: Samrøystes vedteke

Vedtak i Formannskapet FSK sak 055/23:

1. Kommunestyret tek informasjonen til vitande. Behov for evt tilleggsløyvingar til vertskommunesamarbeidet GMBR vert å ta stilling til i budsjettsamanheng.
2. Prosjekt vasstilførsel Berinvest AS ca kr 175 000 eks mva vert finansiert ved bruk av ubunde fond.